

Ole Reiersen Skatteboe (1818-1889), eller "Ola Raiarson" som han vart kalla til dagleg, var fyrste eigaren på Rolandsmarken då den vart delt frå Rolandsgarden. I 1846 gifta han seg med Ingebjør Larsdotter Kolstad, og dei fekk etter kvart åtte ungar. Reiarson var ein klok og hendog kar, og var i si tid både lærar, rosemålar og kommunepolitkar. Han var med i heredstyret i fleire periodar, og ordførar frå 1866 til 1875. Han var med på stiftinga av Ø. Slidre Sparebank, og sat i styret der.

Reiarson hadde kome i økonomiske vanskelegheiter ved å ha kausjonert for eit banklån for ein kar i Kollstadbygda, og hadde tenkt å reise til Amerika med kona og ungeflokken. Amerikareisa vart det ikkje noko av, og det var nok bra for bygda, som hadde god bruk for ein slik flink kar. Kolbein Skaare fortalde at Ola vart buande i ei liti stogo i Nordre Rolandsgarden hjå enka etter Ole bror sin resten av si levetid. Han levde berre seks år etter at gardhandelen med Gudbrand Andrisson var avgjort.